

# Tunga

Av Knut Raastad, 2006



Tunga er nedre del av jordet i Syhågå (søre Sandneshagen) i Nordherad.

Lars Hansen 1782-1838 var nemnd som husmann på Sanneseiet da han døyde i 1838. Han vart 1809 gift med Barbro Enersdtr. 1776-1839, truleg dotter til Ener Hansen Holen, Heidal. Ein gong mellom 1813 og 1838 har dei starta i Tunga. Dei hadde barna

Rønnaug Larsdtr. f. 1808

Ener Larsen 1813-1854

Einar vart 1838 gift med Rønnaug Olsdtr. Aabakken 1816-1892, dotter til Ole Erlandsen Aabakken og Kari Olsdtr. Storøy garden. Dei hadde dottera

Rønnaug Einarsdtr. f. 1838-1919

Etter at Einar fekk måsålass over seg og omkom i Einarspranget 15. mars 1854, var det enkja som var husmoder med jord i 1865. I 1875 var ho føderådskone.

Dottera Rønnaug vart 1866 gift med Jakob Syversen Grev 1837-1904, son til Syver Knutsen Grev 1807-1882 og Mari Jonsdtr. Trælviken f. 1803. Dei hadde dottera

Mari Jakobsdtr. 1869-1914

Familien flytte med seg husa over Senda til søre Vetl-Hågå, dette kan ha skjedd i 1888. Etter dette har Tunga vore nedre del av jordet i søre Sandneshagen.

I 1875 var det i Tungen 2 kyr, 1 kalv, 7 sauer og 7 geit, medan det vart sådd 1 tønne bygg, litt rug 1 tønne poteter.

Kjelder:

Folketelling 1865 og 1875

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekter i Vågå og Lom, s. 18

Utskrifter kyrkjebøk for Vågå